

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: torsdag 19. november 2020 11:14
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 41/2020, 19. NOVEMBER

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 41/2020, 19. NOVEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

KORONA (1) FLEIRE SMITTA I VOLDA - UKJENT SMITTEKJELDE

Volda kommune opplyser 19.11 at det no er påvist tre smitta i Volda og at ein av dei har framleis ukjent smittekjelde. Det kjem fleire prøvesvar torsdag og dagane framover. Alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følgje med både på Høgskulen og Volda kommunes nettsider der det er oppdatert og kvalitetssikra informasjon om korona.

[Koronainformasjon frå Volda kommune.](#)

[Koronainformasjon frå Høgskulen i Volda.](#)

KORONA (2) DIGITALE SAMLINGAR I JANUAR

Kriseleiinga har bestemt at samlingsbaserte studium skal gjennomførast digitalt i januar 2021. Seinare vil det bli bestemt om dette også skal gjelde for februar og vidare framover.

KORONA (3) INGEN STUDIETURAR ELLER PRAKSIS I UTLANDET VÅREN 2021

Det blir ikkje studieturar og praksis i utlandet for studentar ved Høgskulen i Volda våren 2021. Dette er i tråd med det andre høgskular og universitet også har bestemt seg for. Det er kriseleiinga som har bestemt dette.

KORONA (4) STARTAR OPP ATT SMITTEVERN-PATROLJE

Høgskulen i Volda har starta opp att med smittevernpatrulje som skal gje råd og rettleiing til studentar og tilsette om korona. Patruljen går mellom kl 11 og 13 i husa på høgskulen og no har også studentar vorte tekne med i patruljen.

FØREBYGGING: "BRUK SIKRESIDEN.NO"

Alle tilsette og studentar blir oppmoda om å legge inn "sikresiden.no" på mobilen sin. På nettsida sikresiden.no er det rask tilgang til informasjon og telefonnummer om det handlar om førstehjelp, voldsituasjonar, seksuell trakassering, nettsvindel, hendingar på studiet eller når du er på reise. [Les meir på nettsidene våre.](#)

EKSAMENSNERVAR? FØRSTEHJELP ER PÅ VEG!

Også hausten 2020 vil voldastudentane få førstehjelp å få for å døyve eller forebygge eksamensnervar. Frå måndag 23.11. til torsdag 26.11. blir det blant anna tilbod om yoga i kantina, eksamenshjelp på Zoom (video), minnetrenings-kurs og "Pod-krastinasjonen: EksamensBoost". Det blir også litt mat og drikke å få. Mange studentar brukar biblioteket som lesesal og arbeidsplass og når det trengst ei pause vil det vere alternative aktivitetar i biblioteket. Biblioteket lanserer også ein «Make lesesalen great again»-kampanje i sosiale media og har utstilling om akademisk skriving heile veka. [Les også om eksamensførstehjelp i 2019.](#)

BIBLIOTEKET GIR VIDEORETLEIING I BRUK AV KJELDER OG REFERANSAR

Synest du referansar er noko herk? Vert du APAtisk av tanken på kjeldelista? Då kan dei tilsette på biblioteket hjelpe deg. I biblioteket sin kjeldesorteringsstasjon i Zoom kan du som student få hjelp og rettleiing med kjeldene og referansane dine etter APA. [Les meir på nettsidene våre.](#)

NRK-SKRYT TIL ANIMASJONSFILM AV VOLDASTUDENT

Den tidlegare voldastudenten Jakob Eiring får skryt av NRKs filmmeldar Birger Vestmo for filmen : "Pandiculation" (Pandikulasjon = gjespe-strekking). Filmen har også fått rosande omtale på fleire filmfestivalar. Eiring har studert

animasjon ved Høgskulen i Volda og avslutta bachelorgraden sin våren 2020. [Filmen og omtale av den finn du på Nrk.no](#)

STUDIEBAROMETERET (1) HØG SVARPROSENT I VOLDA

Studiebarometeret for 2020 syner ein svarprosent på 62 prosent ved Høgskulen i Volda. Det er noko lågare enn for dei tidlegare åra då rundt 70 prosent av studentane har delteke i undersøkinga. Samanlikna med andre høgskular og universitet har Høgskulen i Volda framleis ein høg svarprosent. Nasjonalt er det 43 prosent av dei inviterte studentane som har svara på spørsmåla i undersøkinga. Hovudtendensen er som tidlegare år at svarprosenten er høgst på dei mindre høgskulane og lågast på dei største universiteta.

STUDIEBAROMETERET (2) HØGST SVARPROSENT FRÅ AVDELING FOR KULTURFAG

Blant avdelingane på høgskulen var det klart høgast svarprosent på Avdeling for kulturfag med 87 prosent svar på Studiebarometeret. Avdeling for mediefag hadde 71 prosent svar, noko som er langt høgare enn tidlegare år og truleg heng saman med at ingen studentar på avdelinga er på utveksling i år på grunn av korona.

JULESTEMNING I KANTINA: NO ER DET KORTREIST JULEMAT Å FÅ!

Kantina på høgskulen tilbyr julestemning frå onsdag 18.11. ved å sette julemat på menyen. Både svineribbe og pinnekjøtt, naturlegvis. Og mykje av julematen er kortreist: Ca 200 meter frå velkjende Johs. Jacobsen kjøtt i Volda. [Les meir på nettsidene våre.](#)

SPØRJEUNDERSØKING OM SPRÅK: SVARFRIST 27. NOVEMBER

Språkrådet har invitert "undervisningspersonell" ved Høgskulen i Volda og andre høgskular og universitet til å svare på spørsmål om språk i høgare utdanning. Undersøkinga vert gjennomført av Respons analyse, og det er altså berre fagtilsette som skal svare på undersøkinga og det kjem - eller har kome - invitasjon til undersøkinga i e-posten til tilsette på Høgskulen i Volda.

FAGDAG OM NYNORSK I LÆRARUTDANNING: SJÅ VIDEOOPTAK FRÅ FAGDAGEN

Nynorsksenteret arrangerte fagdag om lærarutdanning torsdag 12. november. Rundt 120 personar frå ulike delar av landet deltok på fagdagen. [På nettsidene til Nynorsksenteret finn du meir informasjon om fagdagen og videooptak frå arrangementet.](#)

HVO-TILSETT DISPUTERER PÅ MATEMATIKK-UNDERVISNING I 9. KLASSE

Høgskulelektor Oda Heidi Bolstad, AHL, vil 25.11.2020 disputere på doktorgradsavhandlinga «Teaching and learning for mathematical literacy». I arbeidet sitt har Bolstad blant anna følgd undervisning og intervjuet lærarar og elevar i 9. klasse på tre skular. Eitt av funna er at lærarar meiner det er viktig med praktisk aktivitet også matematikkundervisning, men at den klassiske læreboka dominerer i undervisninga. Bolstad har følgd doktorgradsprogrammet ved Universitetet i Agder, og disputasen vert tilgjengeleg via video. [Les meir om disputasen på nettsidene til Universitetet i Agder.](#)

ELLEN HOVLID NYTT MEDLEM I REDAKSJONSRADET TIL «LOV OG RETT»

[Førsteamanuensis Ellen Hovlid](#), AMF, har vorte medlem i redaksjonsrådet til tidsskriftet «Lov og Rett». Lov og Rett er det mest leste juridiske tidsskriftet i Noreg. Redaksjonsrådet har 10 medlemmer og alle dei tyngste juridiske miljøa i landet er representert. [Les meir om Lov og Rett på tidsskriftet sine nettsider på Idunn.](#)

HASLE OG HEGGEN BIDREG PÅ HELSE MIDT NOREGS UTDANNINGSWEBINAR

Helse Midt Noreg arrangerer 10. desember utdanningswebinar der temaet blant anna er overgangen frå student til arbeidstakar og der det blir spurt: "Er dagens profesjonsutdanninger relevante for arbeidslivet?" [Førsteamanuensis Bente Hasle](#) og [professor Kåre Heggen](#), begge ASH, er blant innleiarane på seminaret der Heggen skal snakke om praksissjokk og Hasle om digitale møte. Arrangørarar er Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde, NTNU og Helse Møre og Romsdal. Det er gratis å delta på seminaret, men ein må melde seg på. [Lenke til program og påmelding på Helse Møre og Romsdals nettsider.](#)

TRE NYE STIPENDIATAR

Høgskulen har tilsett fleire nye stipendiatar og tre av dei har teke til i sine stillingar i det siste. Desse er: [Elin Førde](#) (AHL), Ingeborg Hedda Paulsen (AMF) og Tarjei Johannessen Vågstøl (ASH). Her er oversyn over [doktorgradsprosjekt ved Høgskulen i Volda.](#)

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2) SKORPEN HAR PUBLISERT I «NORDIC STUDIES IN MATHEMATICS EDUCATION»

[Førstelektor Leif Bjørn Skorpen](#), AHL, har fått publisert ein artikkel i tidsskriftet «Nordic Studies in Mathematics Education». Artikkelen heiter "[What the teachers and the students do and how they interact – a comparison of special education teaching and ordinary teaching in mathematics](#)".

PUBLISERINGAR (3) HØYDALSVIK OG OSDAL HAR PUBLISERT I SPANSK BOK

[Førsteamanuensis Torhild Høydalsvik](#) og [førstelektor Hilde Randi Osdal](#), begge AHL, har publisert artikkelen "[Oral and written competencies in first year education students: An analysis of self-evaluation narratives on the transition from High School to University](#)" i skriftserien til universitetet i Murcia. Publiseringa spring ut av at Torhild Høydalsvik har hatt eit fleirårig internasjonalt samarbeid innanfor Erasmus+ samarbeidet med universitetet i Jaén, Spania med lærarutdanning som tema.

PUBLISERINGAR (4) BJARTE FOLKESTAD: "THE PERIPHERY STRIKES AGAIN" - OM KOMMUNE- OG FYLKESTINGSVALET I 2019

[Professor Bjarte Folkestad](#), ASH, har saman med tre andre forskarar publisert artikkelen: "[The 2019 local and regional elections in Norway: The periphery strikes again](#)" i tidsskriftet Regional & Federal Studies. Nettversjon er publisert no, og trykt versjon kjem neste år.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020-2021

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

25.11.2020: Disputas [Oda Heidi Bolstad](#)

26.11.2020: [Møte i forskingsutvalet](#)

10.12.2020: [Styremøte](#)

8.-12.2.2020: Internasjonal veke

18.-19.3.2021: Avdelingsseminar, ASH

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

12.11.2020: [Unødvendig og for strengt regelverk for avsetningar](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

